


Kommunen førebels positiv til eldrebustader

28.01.2009



Det er området til høgre for garasjen som er tenkt nytt til eldrebustader. Riksvegen i forgrunnen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rådmannen er positiv til å gje dispensasjon slik at eit sentralt område i Uskedalen kan nyttast til byggjing av ein tremannsbustad.
Men litt meir dokumentasjon må på plass før kommunen kan ta endeleg stilling i saka.



Slik er tremannsbustaden tenkt lagt på den aktuelle tomta. AFA lengst til høgre og øvst på skissa.

Det framgår av eit brev som Johannes Hjønnevåg no har fått fra saksbehandlar Anne Lise Næs Olsen. Det var før jul han tok kontakt med kommunen og påpeika eit sterkt behov for sentrumsnære eldrebustader i bygda. Han opplyste at han var i dialog med grunneigar Tor Eik om kjøp av deler av eigedomen hans (Endregård), nærmere bestemt området som ligg ned mot riksvegen. Hjønnevåg bad om kommunen si vurdering av bustadbyggjing her. Tomta er i dag avsett for framtidig forretnings-føremål.

I samband med ei utbyggjing her kan søndre innkjørsel stengast. Dette er allereie godkjent av kommunen og Statens vegvesen og Hjønnevåg streka under at det då vil verta ein trygg innkjørsel for dei bustadane som nyttar dei to innkjørslane i dag. Trafikktryggleiken vil med dette bli betra betrakteleg. Hjønnevåg peika også på nærleiken til Myro der heimetenesta i Uskedalen er stasjonert.

I svaret skriv saksbehandlaren at Hjønnevåg lyt varsle naboor om søknaden og også Uskedalen Utvikling lyt få varsel. Saka må i tillegg sendast Statens vegvesen for uttale etter at nabomerknadane har kome inn.

Av Ola Matti Mathisen